

Uttale til høyring av forslag til planprogram for E39 Bokn - Bømlafjorden

Vedtak

Kommunestyret vedtek med 11 mot 6 røyster frå Sp:

1. Bokn kommune meiner at vurdering av behov, vegstandard med vidare slik det går fram av pkt. 6.2 i planprogrammet, må gjerast før planarbeidet går vidare, slik at det vert sikra at arbeidet bygger på eit realistisk oppdatert grunnlag, og for å minimere dei negative konsekvensane i høve til naturinngrep m.v.

2. Bokn kommune vil ikkje godkjenne eit planprogram som inneber at det skal greiast ut ein vestre trase for framtidig E39 over kommunen, slik det går fram av høyringsframlegget.

Dette av di eit vestre alternativ vil øydelegge eksisterande bumiljø og hindre adkomst til kommunesenter med skule, idrettsanlegg, offentlige tenester og butikk for store deler av Bokn sin befolkning, samt ha øydeleggande konsekvensar for framtidige bustadområde, landbruk, kulturminne, natur og landskap, naturmangfald og folkehelse m.v

Dette alternativet må difor takast ut av planframlegget før det vert sendt til Bokn kommune for endeleg godkjenning.

3. Bokn kommune har ikkje merknader til det generelle innhaldet i planprogrammet utover at dette legg til grunn utgreiing av eit vestre alternativ.

4. Ved utarbeiding av kommuneplan for det austre alternativet, som Bokn kommune ser som det einaste aktuelle, må det sikrast at næringsarealet ved Knarholmen kan får tilkomst til både eksisterande E39, og til ny E39 når dette veganlegget blir bygt.

Det austre alternativet vil og få store konsekvenser for Bokn som lokalsamfunn og det må planleggast slik at ein tek hensyn til naturverdier, støy, jordvern, boliger og næringsliv langs heile traseen.

5. Inntil ny E39 står ferdig, må Statens vegvesen utbetre trafikktilhøva knytt til eksisterande E39 ved Knarholmen, Austre Bokn og på Ognøy, anten ved realisering av dei gjeldande reguleringsplanane, eller etter ei formell omregulering av desse.